

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 3 – 2017

Årgang 47



INNHALD

Juleandakt av biskop Halvor Nordhaug	s.3
Bjørn Sølsnes – juleprest i Balestrand	s.4
Julebasar ved NLM si kvinneforeining	s.6
Luther og morsmålet	s.8
Ny misjonavtale med NMS i Mali	s.11
Frøyen vert talar på kyrkjelydstur 2018	s.11
Pinsa 2018 – Vitjing frå Hyllestad 2.pinsedag	s.11
Barnas side	s.12
Eit barn er fødd (Kirkens Nødhjelp)	s.13
Sorg og forsoning. Olav Martin Hove	s.14
Glimt frå arbeidet	s.16
Kyrkjeverje i nye Sogndal kommune frå 2020	s.17
I glede og sorg. Annonser.	s.18
Konfirmantside	s.19
Gudstenesteplan	s.20

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 3 - 2017 - 47.årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr.400, store annonser kr.750.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

*Tweenskoret Joy gjer seg klare til lysprosjesjon inn i kyrkja
ved julekonserten i Tjugum kyrkje søndag 10. desember
2017.*

Foto: Jostein Risa



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:
Tysdag-fredag kl. 10 - 14
Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND
Telefon: 57 69 15 48
E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no
Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Sokneprest Vegard Bondevik Lie

(Leikanger/Norum) har ansvar for prestetenesta i
Balestrand medan presten er sjukemeld.
Ring for avtale.
Mobiltelefon: 906 19 080
E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no
(vert vidaresend til Lie)

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)
Telefon kontor: 57 69 15 48
Mobiltelefon: 920 60 832
E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)
Mobiltelefon: 984 16 333
E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson

12 % stilling (Kafé Møteplassen)
Mobiltelefon: 901 15 667
E-post: diakon@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(25 % stilling)
Mobiltelefon: 466 97 476
E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Fisseha Weldeyohannes Andemichael

(25 % stilling)
Mobiltelefon: 450 27 235
E-post: kyrkjetenar@balestrand.kyrkja.no

Leiar i Balestrand sokneråd Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001
E-post: helge.ulvestad@online.no

Vakttelefon Sogn prosti: 954 83 374

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar. På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saudeflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa *The Times* kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både *The Times* og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser



Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017

oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydde frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Bjørn Sølsnes vart i sommar spurd om å spele prest i ein tysk tv-serie som gjorde opptak i Kaupanger kyrkje. På julaftan er han ansvarleg for gudstenestene i Balestrand. FOTO: Åsa H. Aaberge, Sogn Avis. Attgjeve med løyve.

Frå filmprest til «juleprest» i Balestrand

Bjørn Sølsnes frå Leikanger har tidlegare gjort teneste som klokkar og kyrkjetenar. Denne jula kjem han til Balestrand for å leie julaftansgudstenestene.

Bjørn (22) er student ved Høgskulen i Sogndal og er halvvegs det treårige studiet «Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur». På fritida er han aktiv på mange område, både i organisasjonslivet og politikken. Engasjementet gjeld også kyrkjelyden, der han i fleire år har delteke i friviljug klokkarteneste i Leikanger. I tillegg har han fleire år hatt sommar- og helgejobb som kyrkjetenarvikar i Leikanger, Kaupanger og Stedje kyrkje.

Det var i samband med sommarjobben i Kaupanger stavkyrkje at Bjørn kom i kontakt med eit tysk filmteam som skulle spele inn ein episode av ein kjend, tysk tv-serie. Kyrkjetenaren vart då spurd om han ville gå inn i rolla som prest ved filming av ei vigsl i stavkyrkja. Det takka han ja til, og han kunne til og med stille med eigen prestekrage og prestekjole (samarie). Denne prestedrakta gjekk eigentleg ut av bruk i 1980, men kan framleis nyttast av prestar som var ordinerte før det året – og ved filminnspelningar. Under opptaka nytta han den nynorske vigslsliturgien, men han vert dubba når den

aktuelle episoden skal gå på tysk tv i romjula – med opp mot 11 millionar sjåarar.

På spørsmål om han har tenkt tanken på å bli prest også i det verkelege livet, kan han faktisk stadfeste at han vurderte teologistudiet for nokre år sidan. Men tanken vart ikkje understøtta av noko kall, noko han meiner er naudsynt for ei slik stilling. Men siste året har det vakse fram eit kall som strekk seg vidare enn tenesta som klokkar og kyrkjetenar – eit kall til å forkynne Guds ord. Ideen om å gjere det nett på julaftan føddest då han via ein slektning fekk høyre at klokkaren ein stad på Sunnmøre hadde gått inn og leia gudstenesta på julaftan i mangel av prest. Han hadde ikkje høyrte om «leke gudstenesteleiarar» tidlegare, men tok då kontakt med presten på Leikanger, Vegard Bondevik Lie, for å høyre om det kunne vere bruk for ein «lek» julaftansvikar også her i prostiet. Han hadde ikkje tenkt særskilt på Balestrand, men denne jula var det altså bruk for ein vikar her. I jula er dei fleste prestar opptekne, og både Lie og konstituert prost Jermod Hausberg var positive til ei slik løysing.

Soknerådet er også glade for at Bjørn vil ta på seg dette oppdraget og ynskjer han velkomen til Balestrand. Og når Bjørn Sølsnes julaftan står for altaret i Sæle kyrkje og Tjugum kyrkje, er det ikkje lenger snakk om skodespel.

Gudstenester resten av jule- og nyttårshelga

Første juledag vil Kjell Sæter ha høgtidsgudstenesta i Tjugum kyrkje. Mange kjenner Kjell frå dei sytten åra han var sokneprest i Leikanger. Frå 2007 gjekk han over i teneste som prostiprest i (Indre) Sogn prosti fram til han vart pensjonist på slutten av 2016. Preiketeksten er den flotte teksten om Ordet i starten av Johannesevangeliet. For borna vert det barnesamling i kyrkjestova under preika.

På nyårsaftan har vi dei siste åra hatt ei kort gudsteneste i engelskkyrkja fram mot midnatt. Denne tradisjonen vil vi vidareføre. I år byrjar vi kl.23.00 og Helge Ulvestad vil leie gudstenesta og Eva Olsvold Sundar har preika. Sidan

kyrkja ikkje er oppvarma prøver vi å halde oss innanfor ca. 35 minutt. Tips: Varme klede og eit sitjeunderlag! Eva Sundar har feriert i Balestrand sidan ho var lita og skulle no feire nyttår her. Då ho fekk spørsmålet, var ho glad for å kunne bidra til ei gudsteneste ved overgangen til det nye året. Eva har reist som forkynnar frå 1999 og har hatt møte i Balestrand fleire gonger før; sist på bedehuset i februar 2016. Det er godt å kunne samlast slik i kyrkja på slutten av året: Fellesskap, bøn, Guds ord og litt tid til ettertanke.



Femåringane frå Sagatun barnehage, førsteklassingane på Sagatun skule og elevane ved Fjordtun oppvekstsenter deltok i julevandring i Bedehuset Betel onsdag 6.desember. Totalt 19 born og 8 vaksne fekk ulike roller på vandringa fram mot Betlehem og nokre av dei stilte opp til fotografering. Dette er ein del av samarbeidet mellom kyrkje og skule/barnehage og kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa drog i trådane i lag med Kjersti Brudvik som erkeengelen Gabriel og Margot Ryssdal som speleengel. Foto: Jostein Risa alias Keisar Augustus



Trond Kråvik passsar på at alle blir kjende med vinnarnummeret, og den yngre garde syter for alle gevinstar blir levert ved borda.

Langsiktig arbeid

Onsdag 22. november var det tid for julebasar, årvisst sidan 1983. Også denne ettermiddagen var det mange som hadde funne vegen til bedehuset. På eitt tidspunkt var det meir enn hundre frammøtte, og når ein tek høgde for at det stadig er nokon som kjem og andre som går, er det ikkje urimeleg å tru at over to hundre var innom i løpet av kvelden.

Kvinneforeininga som lagar til basaren, er tilslutta Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Ein onsdagskveld eit par veker før basaren fekk underskrivne vitja foreininga, som var i full gang med planlegging. Det er mykje som skal tenkjast på og mange avtalar som må gjerast. I dag er dei færraste av gevinstane sjølvlagde, det meste er kjøpt. Men framleis er nokon heldige vinnarar av løparar og anna handarbeid. Kvinneforeininga får òg fine gevinstar frå lokalt næringsliv.

Eit viktig mål for denne basaren er å få inn midlar til misjonsarbeidet NLM har i mange land, og det kom inn over 60 000 kroner. Med det har foreininga samla inn nesten 1,3 millionar kroner på desse 35 åra. Det vitnar om langsiktig perspektiv og trufast arbeid.

Mange møter opp på basaren kvart år, og mellom dei er Heidi Torset. Ho tykkjer basarkvelden er triveleg,

ho treff andre som er ute i same ærend, atmosfæren er god, og gode basarminne frå barndommen blir lokka fram. Og så er det ekstra triveleg at ein kan få kjøpt seg kaffi og kaker. Andre har kortare fartstid, men det legg ingen dempar på trivselen. Rebecca Aarseth og Rebekka Dalseid er elevar på Sygna. Begge tykkjer årsal høyrer med, og Rebecca har òg hatt vinnarlukke. At det er basar til inntekt for misjon, meiner dei er meningsfylt, men må vel innrømme at for ein elev på vidaregåande så merkar lommeboka ein slik kveld.

Når jentene i Joy stiller opp, veit alle at no blir det frisk song. Gunnhild Skåsheim introduserte koret som ho også dirigerte. Ho forklarte at dei var midt inne i innøving av julesongar. Og songgleda var stor og tekstane kom godt fram, så applausen var velfortent. Julebasar og andakt høyrer saman. Denne kvelden var det områdearbeidar Trond Kråvik sin tur. I Lukas 18 møter me ein blind, som me kjenner som Bartimeus hos Markus, og som ropa: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg». Jesus stoppa og spurde: «Kva vil du eg skal gjera for deg?» Kråvik poengterte at som den blinde, så blir me òg utfordra til å setja namn på våre suter og det me tenkjer på. Då vil me kanskje erfara at Jesus har noko å gje oss. I første verset i Salme 32 står det: «Sæl er den som får si misgjerning tilgjeven og si synd tildekt.» Dette skriv kong David om korleis han opplevde Guds nåde. Den nåden kan òg bli vår. Etter fleire rundar med årsal, blir loddbøkene trekt. Det er følgjer alltid spaning med kven som vinn dei ulike



Julebasar er sosialt, litt spanande og meningsfullt.

gevinstane. Nokre gongar skjønar me at det er nokon loddtakeren er bestemor, bestefar, tante eller onkel til som får ei overrasking. Andre gonger passar det gjerne svært godt med den som blir lest opp som vinnar. Kven takkar ikkje ja til eit fenalår?

Etter ein basarkveld kjennar nok alle i kvinneforeininga at det er godt det er over, og slik skal det vera. Men på

neste foreiningsmøte byrjar nok så smått samtalen og planlegginga til neste års julebasar. Og det er vel nett dette å vera trufast handlar om: Å stadig vera på veg mot same mål.

Tekst og foto: Helge Eilifsen



Kvinneforeininga samla heime hos Bjørg Aase. F.v. Bjørg Aase, Gunvor Høydal, Johanna Fagermoen, Olaug Lotsberg, Kristin Haugen Eilifsen, Marit Haram Vannes og Anne Margrethe Kråvik. Johanna Fagermoen har vore med heilt frå starten i 1983.



Luther og morsmålet

Før Martin Luther var det ei hovudsak at den einkilde kunne høyra og lesa Bibelen på eige språk. Dette var nytt. Før reformasjonen var det latin som rådde grunnen. Dei som gjekk til messe, såg og lydde på det som gjekk føre, men det var mykje dei ikkje skjøna. Dette vart det endring på der Luthers tankar slo rot. I denne teksten skal me særleg sjå på kva verknader Luthers bibelomsetjing fekk for språkutviklinga i dei tyskspråklege områda.

Martin Luther var fødd i Eisleben i 1483, hadde barneåra i Mansfeld og byrja å studera juss i Erfurt i 1501. I 1505 kom han ut for eit forrykande uvêr. Eit lynnedslag ganske nær han gjorde at han gav lovnad om å bli munk. Augustinarmunken Luther vart prestevigd i 1507 og fekk teologiske doktorgrad i 1512. Deretter vart han utnemnd til professor ved

universitetet i Wittenberg og fekk i 1514 Stadtkirche i same by som fast preikeklass.

At folk kunne kjøpa seg til nåde, gjorde Luther opprørt. 31. oktober 1517 vart 95 tesar publisert, eit tydeleg oppgjer med avlatshandelen. Dei var meint som grunnlag for stridssamtale mellom lærde og var først skrivne på latin, men kom like

etterpå i tysk språkdrakt og ved trykking effektivt spreidd. Tesene vekte stor motstand mellom mange av dei leiande i kyrkja, og 3. januar 1521 vart Luther lyst i bann. På riksdagen i Worms stod han fast ved det han hadde skrive, ingenting vart trekt attende, og dermed vart bannbullen ståande. Ikkje nok med det - han var no også fredlaus.



Stadtkirche i Wittenberg der Luther hadde fast preikeklass. Preikestolen på fotoet er ikkje frå Luther si tid. Etter at troppane til Napoleon hadde gjort seg nytte av kyrkje, vart ho renoverert, og nytt inventar kom på plass. Sentralt i koret reformasjonsaltaret med måleria av Lucas Cranach d. e. Idéane i dette kunstverket utvikla Cranach i samarbeid med Luther. Foto: Helge Eilifsen



Wartburg ein regnfull dag oktober 2017. Det Foto var her Luther omsette Det nye testamente til tysk på elleve veker i 1521-1522.: Kristin H. Eilifsen

På veg attende til Wittenberg sytte kurfyrst Fredrik den vise for ein sikker opphaldsstad på borga Wartburg ved Eisenach. Der vart han verande eit knapt år, men Luther sakna det pulserande livet i Wittenberg. På oppmoding frå vener tok han oppunder jul fatt på omsetjing av Det nye testamente frå gresk til tysk. Av hjelpemiddel var det få, men Erasmus frå Rotterdam si nye utgåve av Det nye testamente på gresk var sentral. Dessutan hadde han den latinske kyrkjebibelen, Vulgata, og ei gresk-tysk ordbok. Omsetjinga var fullført på elleve veker. Attende i Wittenberg gjekk han og Philipp Melanchton, professor i gresk, gjennom manuskriptet på nytt, og i september 1522 vart det lagt ut for sal. Førstopplaget, for det som i ettertida har blitt kalla Septemberevangeliet, var borte etter få dagar. Kva var det som var hendt? Kvar fekk han kreftene frå? Ein del av forklaringa må vera at han

hadde ein bodskap. Luther hadde vore ein energisk munk og i tillegg svært gåverik. Han var ofte usikker på om han var akseptert av Gud. Intenst bibelstudium gjorde at han vart overtydd om at ein blir frelst ved tru åleine. Mennesket står som syndar for Gud. Eigne gjerningar gir ikkje grunnlag for frelse, berre trua på Jesus, som leid krossdøden for vår skuld, gir det. At Luther fekk sjå dette blir kalla tårnopplevinga, og viser konkret attende til kor i augustinararklosteret i Wittenberg Luther var då denne erkjenninga vaks fram hos han.

Morsmålet til Luther var den mellomtyske dialekten som har ord og vendingar både frå dialektane i nord og sør. Latin byrja han å læra som niåring på skulen, og det vanka straff om ein vart teken for å snakka anna språk i skuletida. Ad fontes, attende til kjeldene, er ei programfråsegn som tek pulsen på denne tida. Ei fornya interesse for antikk litteratur betydde òg ei

fornya interesse for gresk, eit språk Luther òg las. I tillegg til latin og gresk er hebraisk eit nøkkelspråk når Bibelen skal omsetjast. Bibelen er opphaveleg skriven på desse språka; Det nye testamente på gresk og Det gamle testamente på hebraisk. Luther hadde òg gode kunnskapar i hebraisk.

Den første trykte bibelomsetjinga

*Bibelen er ikkje antikk,
heller ikkje moderne,
men derimot evig
(Martin Luther)*

på tysk låg føre alt i 1466, og i åra som følgde kom fleire. Men ingen av desse fekk den utbreiinga som Luthes omsetjing. Kvifor? For det første var det nytta lokale tyske dialektar i desse, og det var store dialektskilnader frå område til område. Dessutan var omsetjingane prega av latinsk ordstilling og ordval.



I praksis var det vanskeleg å lesa desse biblane slik at dei gav meining.

Septemberevangeliet er annleis. For det første vil Luther få fram at frelsa er ved tru åleine. I omsetjinga til Bibelselskapet frå 2011 lyder Rom 3. 28 slik: "For vi hevdar at mennesket blir rettferdig ved tru, utan lovgjeringar". I den nye Luther-Bibelen frå 2016 står det slik: "... allein durch den Glauben" på norsk skulle det bli: "... berre ved tru". Slik finn ein att Luthers teologi i omsetjinga. For det andre har han medvitne val når det gjeld språk. Han tok utgangspunkt i det den tyskversonen som vart brukt av administrasjonen i Thüringen og Sachsen og nytta formuleringar, ordstillingar og rytme som gav attkjenning. Samstundes passa han på å nytta korrekte fagord, slik at omsetjinga skulle treffa breitt. Og ho fekk ein resonans som ingen andre. Sjølv katolske bibelomsetjingar til tysk, som Johannes Diitenbergers omsetjing frå 1534, ligg tett opp til Luther-Bibelen.

Det nye testamente omsett på elleve veker til eit språk som ikkje hadde funne si form, var ein kraftprestasjon. Omsetjinga av Det gamle testamente hadde derimot meir karakter av teamarbeid med Luther som den drivande kraft. Dei første gammaltestamentlege skriftene vart publisert i 1527, og først i 1534 var heile Bibelen omsett. Siste utgåve Luther sjølv sto for, kom i 1545, eitt år før han døydde.

Luther vaks opp i ei tid som var prega av det munnlege, og det var vanleg at ein kunne mykje utanboks. Det skriftlege fann ein att i administrasjon og kyrkje og då ofte på latin. Septemberevangeliet er ein av dei første tekstane på tysk med stor utbreiing. Den lesekyndige las høgt og stava seg først gjennom teksten, som ofte var godt kjent. Å lesa stille ein ukjent tekst vart vanleg først på byrjinga av 1800-talet. Leseopplæring følgde reformasjonen. På det viset vart Bibelen òg ei allmenn lærebok, og gav grunnlag for at dialektutviklinga i ulike regionar drog i same retning. Ut på sekstenhundretalet vart òg skriveopplæring vanleg, med Luther-Bibelen som normgjevar for god tysk. Slik vart fellesspråket forma nedanfrå. Andre stader var det annleis, som t.d. i Spania, Frankrike eller England. Der var det språket i hovudstodområdet som vann språkutforminga.

Noreg har hatt mange embetsmenn med ei språkføring langt frå dialektane som vart tala lokalt. Kan dette samanliknast med utviklinga i dei nemnde landa? Nynorsk har røter i dialektar. Kan det samanliknast med språkutviklinga i områda som har vore prega av Lutherbibelen?

Når eit språk blir skriftleg, fører det til språklege endringar. Ingen ser for seg t.d. ein varekatalog på mange hundre sider gitt ut munnleg - det ville vera praktisk umogeleg. Mange av tankane og idéane me møter er avhengig av at dei er framstilt skriftleg. Då kan lesaren lesa konsentrert, lesa om att og ikkje minst sjølv avgjera kva som skal lesast. Dermed la lesopplæringa som følgde reformasjonen grunnlag for store samfunnsendringar. Den einskilde vart ansvarleggjort, fekk tilgang på kunnskap og kom i ein situasjon der ein sjølv kunne gjera seg opp meiningar og deretter la si røyst lyda i samfunnet.


Språk er alltid i endring og det er interessant å sjå kva som ligg bak endringane. Språkutviklinga i tyskspråklege område er sterkt påverka av Luther-Bibelen. Hos oss er det annleis. Heilt frå reformasjonen og fram til langt ut på 1800-talet var dansk bibelspråket hos oss. Først mot slutten av 1800-talet kom dei første omsetjingane til riksmål, og landsmål først i litt ut på 1900-talet. Dermed fekk Bibelen i Noreg ei anna rolle i språkutviklinga enn Luther-Bibelen lenger sør. Korleis stoda hadde vore om Bibelen hadde kome på nynorsk tidlegare, kan ein berre spekulera på.

Reformasjonen har prega samfunnsutviklinga på mange plan. I ein munnleg kultur gav Luther-Bibelen avgjerande impulsar til at tysk slik me kjenner det i dag vart forma. Samstundes seier det noko om det driv dei måtte ha når dei lærte mykje av Bibelen utanboks. Det er til ettertanke. Men når me kjenner historia, må me slå fast at ingenting går av seg sjølv. Me må ta ansvar som menneske og sjølv stå for våre val og akkurat det er nok i tråd med dei reformatoriske ideane.

Tekst: Helge Eilifsen

Mykje av stoffet i dette stykket er henta frå Hartmut Günther: Mit Feuereifer und Herzenslust. - Wie Luther unsere Sprache prägte, Berlin 2017. Noko er frå jubileumsutgåva av Luther-Bibelen, Stuttgart 2016.

Balestrand kyrkjelyd har no misjonsavtale i Mali



Stikkord for arbeidet i Mali: Å gjere Jesus kjent blant fulanifolket. Å kjempe mot omskjering av jenter. Ved soknemøtet 19.11 hadde vi besøk av Ingvald A. Frøyen frå Det Norske Misjonsselskap. Han informerte godt om dei to prosjekta soknerådet hadde plukka ut som aktuelle.

I tråd med tilrådingar i soknemøtet, vedtok soknerådet 6. desember samrøystes det nordafrikanske landet MALI som fokusland for misjonsavtalen vår med Det norske Misjonsselskap. Det vart mellom anna lagt vekt på at Balestrand alt har ei tilknytning til Mali gjennom at familien Netland har vore misjonærar der for Normisjon, at Frøyen sjølv som pendlarmisjonær til Mali bur i same fylke og at Frode Brugger Sæthre frå Austrheim, for tida einaste norske misjonær som bur i Mali, fleire gonger har vore i Balestrand.

Ingvald Frøyen vert talar ved kyrkjelydsturen i september



Som ei forlenging av saka over, er soknerådet glade for å kunne melde at Ingvald Andersen Frøyen har sagt ja til å bli med oss som talar på kyrkjelydsturen til Lyngmo helga 7. – 9. september 2018. Han er busett i Naustdal, har mellom anna vore ungdomsprest i Førde, er forfattar av ei bok for konfirmantforeldre og jobbar no som misjonskonsulent og pendlarmisjonær i NMS. På førre kyrkjelydstur var vi over nitti personar i alle aldrar og du kan melde deg på alt no for å sikre plass! Lyngmo ungdomssenter fekk i 2016 eit heilt nytt internat med flott gymsal i kjellaren.

Pinsa 2018

Økumenisk gudsteneste første pinsedag

Første pinsedag, søndag 20.mai, inviterer vi til høgtidsgudsteneste i engelskkyrkja leia av den nye ansvarlege for den anglikanske kyrkja i Noreg, iren Rev'd Darren McCallig. Vi prøver å få til ei fleispråkleg gudsteneste i lag. Koret frå St. Edmunds kyrkje i Oslo vonar å kunne ta turen over fjellet som i fjor og bidra med song.



Vitjing frå Hyllestad 2.pinsedag –Kvamsøy

Pinsedag 2017 vitja over tretti personar frå Balestrand Hyllestad kyrkje, kvernsteinsparken og tidlegare sokneprest i Balestrand, Audun Systad og kona Kari. No vert det lagt opp til gjensitt der Audun Systad kjem og har gudsteneste på Kvamsøy måndag 21.mai, 2.pinsedag kl.12.00. Kyrkjelyden i Hyllestad er då invitert til å vere med på dagstur til Balestrand med omvising og middag.

Gudstenester våren 2018

Balestrand sokneråd har handsama eit framlegg til gudstenesteplan for 1.halvår 2018, sjå baksida av bladet for plan til påske. Det er førebels ikkje sett opp prestar ved alle gudstenestene. Medan Kjetil Netland er sjukemeld har diakonane Tore og Kjersti Brudvik sagt ja til å leie nokre tenester også dette halvåret, likeeins Høyangerpresten Runar Matsui-Li i tråd med avtale med Sunnfjord prosti. Ut frå prognosane, kan det verte aktuelt for Kjetil Netland å ha nokre gudstenester frå slutten av april. Han vonar i alle fall å kunne vere med på konfirmasjon 10. mai.

Det er eit par færre gudstenester i vår enn vanleg, men alle tenestene som er kopla til trusopplæringstiltak eller andre arrangement vil vi legge vinn på å få gjennomført. Følg med på plakatar og heimeside for oppdaterte planar.

Kvifor går vi til gudstenester? Vi samlast for å møte Gud og kvarandre. Slik dei første kristne også gjorde, så høyrer vi Guds ord. Vi ber til Gud og ærar han. Vi deler nattverden. Vi gjev til dei som treng det. Vi har alle vår puslespelbit i fellesskapen og noko manglar når du er borte! Velkomen til gudsteneste!

Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Åtte personar og stader frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover.

S	N	E	K	G	O	P	E
J	E	J	S	A	P	R	I
O	M	O	L	B	H	U	V
N	A	S	A	R	E	T	I
S	R	E	U	I	R	E	N
O	I	F	G	E	O	S	K
K	A	F	U	L	D	N	E
J	U	L	S	I	E	U	L
O	L	E	T	Y	S	T	C
J	E	S	U	S	C	E	O
A	B	I	S	A	L	R	M
B	E	T	L	E	H	E	M

Ein mann

søkte jobb på sirkus.

– Kva er det du kan, då?
spurde sirkusdirektøren.

– Eg kan etterlikne fuglar?

– Det kan jo alle, vi har
ikkje bruk for deg!

– Nei vel! sa mannen
og flaug sin veg.

Vitsar

Du veit du er blitt
vaksen når du har
slutta å vekse i begge
endar, og berre veks
på midten.

Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Engelen fortalde gjetarane at frelsaren var fødd.

Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Eit barn er fødd

Vesle Ala (10 veker) starta livet i ein flyktningleir i Nord-Irak. Heldigvis har ho storesyster Jyan (5). Gjennom støtte til Kirkens Nødhjelp er Balestrand kyrkjelyd med på å gje reint vatn og psykososial støtte til familiar som har overlevd herjingane til IS.

Ala vart fødd på helsesenteret i Kabarto, og mamma Nahla hadde ein tøff fødsel. Men alt gjekk bra, og no ligg den ti veker gamle babyjenta og suttar nøgd på smokken i trevugga si. Familien har det bra i leiren, men drøyer om ei betre framtid.

- Alt eg ønskjer for familien min er at me skal sleppe å vere på flukt og leve i tryggleik, seier Nahla.

Saknar sykkelen

Storesyster Jyan (5) passer godt på vesle Ala. Ho var berre to og eit halvt år den augustdagen for tre år sidan, då IS kom og tok heimen hennar. Den dagen då familien måtte flykte opp på Sinjar-fjellet og ingenting vart det same igjen.

- Eg saknar sykkelen min. Heime hadde eg leikene mine. Eg hadde mange ting. Så kom IS, og me måtte flykte, fortel Jyan.

Då IS angreip jesidiane 3. august 2014, vart rundt 100.000 menneske drivne på desperat flukt i eige land. Jyans familie klarte å flykte opp på Sinjar-fjellet. No er dei blant dei 28.000 jesidiane som har funne tryggleik i



Jyan (5) og resten av familien måtte flykte då IS angreip Sinjar i 2014. I tre år har dette teltet vore heimen deira. F.v. Adam (7), mamma Nahla med Ala (10 veker), Jyan og pappa Naif. Foto: Håvard Bjelland / Kirkens Nødhjelp.



Systrene Jyan (5) og Håvard Ala (10 veker) bur saman med familien sin i flyktningleiren Kabarto i Nord-Irak. Foto: Bjelland/KN.

flyktningleiren Kabarto i Nord-Irak.

Her har Kirkens Nødhjelp sikra reint vatn og gode sanitærforhold for flyktningane sidan 2014.

Bygger ei framtid

IS er no drivne tilbake frå Nord-Irak, men tilbake ligg jesidiane sine heimbyar i grus. For å gje jesidiane moglegheit til å vende tilbake og bygge ein ny framtid i ruinane, trengs det ein stor innsats frå det internasjonale samfunnet.

Det er eit stort behov for vatn, straum, skular og sjukehus. Kirkens Nødhjelp er i gang med å sikre reint drikkevatt i fleire byar, og jobbar også med psykososial støtte til menneska som har overlevd IS' brutale herjingar.

La fleire fylle fem!

I jula feirar me Jesus som vart fødd i ein stall for 2000 år sidan. Balestrand kyrkjelyd ønskjer også å løfte fram borna som vert fødte i fattigdom eller på flukt frå krig og katastrofe i verda vår i dag. Dei fem første leveåra er dei aller mest sårbare i eit barn sitt liv, og tilgang til reint vatn er særskild avgjerande for at barn skal overleve.

Balestrand kyrkjelyd bidreg gjennom offeret til Kirkens Nødhjelp julaftan til at fleire barn får ein tryggare start på livet. Vi vonar du vil vere med gje ei gåve til dette arbeidet. Hugs å ta med kontantar til kollekten eller vipps til 2426!

Sorg og forsoning

Sundag 20. november tok Olav Martin Hove for seg temaet «sorg og sorgarbeid» på bedehuset i Holmen. Hove har bak seg 40 års presteteneste i ulike stillingar, sist som fengselsprest i Vik.

I innleiinga las møteleiar Kjersti Brudvik frå tredje kapittel i Forkynnaren: «Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen ... ei tid for å gråta, ei tid for å le, ei tid for å sørgja, ei tid for å dansa ... » Og deretter song me oss saman og inn i temaet med songen «Eg er ein gjest i verda ... »

Hove innleia med ei djupt personleg hending. 29. november 2005 sto han ved grava til eldste son sin, Lars Magne. Tre hundre hadde funne veg til grava denne haustdagen; det var naboar, familie, vener og studentar. Lars Magne hadde blitt kjent med. Å sjå at det var mange å dela sorga med, gjorde ho lettare å bera. Men til sjuande og sist er ein åleine.

Han viste òg til at det er skrive lærerik litteratur om sorg og at synet på sorg og sorgarbeid har endra seg over tid. Psykiater Elisabeth Kübler-Ross er kjent for å ha introdusert dei fem fasene fornektning, sinne, forhandling, depresjon og aksept. Det gjorde ho i 1969,

og hennar tanke var at den sørgjande gjekk gjennom alle desse fasene etter tur. Slik ser ein det det ikkje i dag, men fasene tek opp viktige aspekt ved sorg.

Det er ikkje uvanleg at når ein opplever dødsfall i nære relasjonar, er det som ein vond draum ein ikkje vaknar opp frå. Andre erfarer at dei blir hugsalause. Det kan skriva seg frå at tankane har så mykje å vera opptekne av. Slik ville Hove peika på at sorg kjem ein ikkje gjennom utan arbeid, mykje arbeid. Den som sørgjer har også ofte stor trong for å samtala om det som har skjedd. Då er det viktig at det er nokon som lyttar.

Har nokon teke sitt eige liv, kan skuldkjensla melda seg med stor tyngde for dei som sit att. Kunne ein sett signala? Hove streka under at når nokon gjer dette, så er det deira val og ikkje dei som sit att. Når rusmisbruk fører til dødsfall, kjenner ein gjerne òg på skuldkjensle. Slike kjensler skal ein ta på alvor, men òg læra å tilgje seg sjølv. Ein var ikkje i stand til å tolka signala rett. Demens/alzheimer kan òg vera krevjande. Når døden melder seg, kan den attlevande ektemaken oppleva det slik at det er teke avskil for lenge sidan, og sorga får ein annan karakter. Hove peika med dette på at ein finn ingen fasitsvar.

Vidare kommenterte han utsegna: «Eg veit korleis



Olav Martin Hove stod for ein lærerik kveld på bedehuset.



Inger Marit og Olav Martin Hove var begge med på denne kvelden. Inger Marit sytte for flott tonefølgje til songane.

du har det.» Og der var han kontant: «Nei, det veit du ikkje.» Ofte er det ikkje mange ord den sørgjande etterspør, men kanskje ein som kan lytta. Dette kan hjelpa den sørgjande attende til fellesskap og kvardagsoppgåver. Sjølvpålagte forventingar til korleis sorg artar seg kan gjera at ein takkar nei til invitasjonar ein burde ha sagt ja til. Ein flott konsert eller anna kulturoppleving kan vera hjelp til å koma vidare. Hove formulerte seg slik: «Det er godt med friminutt, sorga kjem alltid attende.»

I fjerde kapittel i Første tessalonikarbrev står det: «Vi vil ikkje, sysken, at de skal vera uvitande om dei som er sovna inn, så de ikkje skal sørgja som dei andre, dei som er utan håp.» Ingen slepp unna sorg, men trua på Kristus gjer at ein ikkje går åleine med henne. Hove streka under og la vekt på at Kristus er ein levande frelsar som er med alle dagar, ein som er prøvd i alt livet byr. Han siterte også Leonard Cohen: «There is a crack in everything. That's how the light gets in.» Det er ein sprekk i alle ting, også i sorga, slik at lyset kan nå inn.

Sorga kan vera ulik. Samlivsbrot blir gjerne kalla «sorga

der ingen sender blomar». Det er ikkje slik at tida lækjer alle sår. Sorga har me med oss heile livet, men med tida blir me mindre sårbare.

**«There is a crack in everything.
That's how the light gets in.»**

Leonard Cohen

Den svenske forfattere Tomas Sjödén har skrive boka «Et brustent halleluja». Der fortel han at han kom til å høyre dei malmtonge kyrkjeklokkene i Hagakyrkan i Göteborg. Dei minna han om klokkene på kyrkjegarden då han då han sto ved grava til ein av sønene

sine, men òg om ungdomstida. Framleis var det som i ungdommen eit halleluja i han, men no med ein djupare klang. Hove meiner det er betre å tala om forsoning enn akseptasjon. Ein skal leva vidare og det er framleis mykje å gle seg over.

Til avslutning tok han fram ei bøn Anonyme alkoholikarar nyttar.

*Gud, gje meg sinnsro til å akseptera dei ting eg ikkje kan endra,
mot til å endra dei ting eg kan,
og visdom til å sjå skilnaden.*

Tekst og foto: Helge Eilifsen



Haustattakegudsteneste og 4-årsbok

Tore Brudvik leia gudstenesta i Tjugum 22.10. Baluba song flott og kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa delte ut 4-årsbøker og hadde preik for store og små i lag.

Nestenåring

Ein god gjeng som nærmar seg tenåringsår har vore samla ikring ein gong i månaden i haust, både på bedehuset og privat. På siste samling før jul sette dei seg «rundt bålet»: Etter å ha lese juleevangeliet har dei i grupper prøvd å tenkje seg inn i korleis det vart opplevd av dei ulike aktørane som var involverte: Maria og hennar venninner, hyrdingane, dei to gamle i tempelet osv. Vismennene forklara til dømes kvifor berre tre av gåvene deira var nemnde i bibelen sjølv om dei var fem som reiste i lag ☺. Ei kreativ og artig gruppe!



Samarbeid med skule og barnehage

Biletet er frå samlinga kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa hadde med 2-4-åringane i barnehagen 5. desember. I desember har også forgjengar Rut Solveig Netland hatt ei adventssamling på småskulen (1.-4. klasse), medan Magni har avtale om å vitje mellom- og ungdomstrinnet på Sagatun.



Julekonserten 10. desember

Organist Ole Agnar Helland hadde sett saman eit fint program for årets julekonsert som igjen viste kor rike ressursar vi har i bygda vår: Solosong ved Grethe Elisabeth frå Sygna med Mathias på piano. Joy, Damene. Diakonimedarbeidar Louise Nilsson hadde andakten. Balestrand songlag var glade for å få med seg ei gruppe frå Balestrand musikklag på O Helga Natt som ei flott avslutning på konserten. Jorunn Høines song og spela nydeleg og vart særskilt takka for tenesta som organist sidan 1.august 2015 (jf førre kyrkjelydsblad). Soknerådsleiar Helge Ulvestad overrekte eit av Bjørg Bjøberg sine bilete av Tjugum kyrkje.



Jorunn Merete Haukås-Eide tilsett som kyrkjeverje i den nye kommunen frå 1.1.2020

Tysdag 12. desember var kyrkjeleg fellesnemnd for samanslåing av Sogndal, Leikanger og Balestrand samla i Balestrand. I dette møtet vart Jorunn Merete Haukås-Eide (til høgre) tilsett som kyrkjeverje i den nye kommunen frå 1.1.2020. Ho er no kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger og var frå før engasjert som prosjektleiar for samanslåinga.

Det er ein stor prosess kyrkja også skal gjennom med verksemdsoverdraging for alle tilsette, samkøring av ulike datasystem og stabar, ulike tenesteytingsavtalar i alle kommunane, nye verksemdsplanar, reglement og vedtekter osb. Nett no er prosessen på sparebluss i påvente av ei realistisk løyving frå kommunal fellesnemnd.

Same kveld var alle kyrkjeleg tilsette og folkevalde i fellesråda for dei tre kommunane inviterte til felles julemiddag på Midtnes hotell og over 30 var samla inkludert fylgje. Jorunn Merete hadde handstrikka flotte huer i ulike fargar til alle inviterte (over 40!). Eit imponerande arbeid og eit godt døme på ein leiar som bryr seg om dei tilsette og veit å skape glede og varme.



I GLEDE OG SORG

Døde

15.10.2017 Sigrid Tjugum Myrland f. 27.01.1923
Gravferd frå Tjugum kyrkje 27.10.2017

23.10.2017 Severina Aalhus f. 29.10.1928
Gravferd frå Tjugum kyrkje 31.10.2017

22.11.2017 Karl «Kalle» Geithus f. 24.08.1945
Gravferd frå Tjugum kyrkje 01.12.2017

06.12.2017 Ella Måren f. 18.06.1921
Gravferd frå Sæle kyrkje 15.12.2017

Døpte

Beata Griksaite Sæle
26.11.2017 i Sæle kyrkje



Midtnes
HOTEL
57 69 42 40
www.midtnes.no

Ytre Sogn graverdsbyrå A/S



Hjelp til alle tenester ved dødsfall
GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING
Døgnvakt telefon:
577 14 700 / 959 86 000

Balestrand Taxi

S-113
mobil 959 56 113
S-116
mobil 959 56 116

TAXI Frankén

mob. 959 86 000
Turbussar
Vi tilbyr også 10- og 17-setars
bussar med plass til rullestol
samt store turbussar
med 49 seter.



Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.
Døgnvakt telefon: 57 69 57 55

VIK ELEKTRO

Rune Måtsnes
6893 VIK I SOGN
TV - Kvittevarer
Solskjerming - Glasservice
Mobil: 906 16 260
E-post: rune@vik-elektro.no
www.vik-elektro.no



BilXtra
verksted
Balholm Auto AS
Holmamyrane
6899 BALESTRAND
Godkjend bilverkstad
Tlf. 57 69 11 13



Sogn
gravferdshjelp
Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Cronli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.



TØMRAR
H.I.
HARALD TJUGUM
Dragsvik 17
6899 Balestrand
M: 911 28 133

XL BYGG RØYRVIK BYGG & BETONG

FAGHANDEL INNEN
TRELAST OG BYGGEVARER

Telefon: 57 69 65 60 / 955 55 138
Avd. Balestrand Ytre Ese 5, 6899 Balestrand



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



Konfirmant 2018

Kullet på 11 konfirmantar vekslar mellom å vere ute ved Ja-steinene og inne på bedehuset. Her nokre glimt frå samlinga 5.oktober der dei mellom anna går gjennom heile Markusevangeliet og lagar eit stillbilette til kvart kapittel. Til venstre Laila Vang som i lag med Gunn Berit Bøthun har ansvar for konfirmantane. Hugs på konfirmantar og leiurar i bøn!



Utgjevar/Avsendar:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

24.des, Julaftan og 4.s i adv	HELSETUNET kl.11.00 Gudsteneste ved Jan Herland.
24.des, Julaftan og 4.s i adv	SÆLE KYRKJE kl.14.00 Gudsteneste ved Bjørn Sølsnes. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
24.des, Julaftan og 4.s i adv	TJUGUM KYRKJE kl.16.00 Gudsteneste ved Bjørn Sølsnes. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
25.des, Juledag	TJUGUM KYRKJE kl.12.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjell Sæter. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon. Nattverd. Barnesamling under preika.
31.des, Nyårsaftan	ST. OLAFS KYRKJE kl.23.00 NB! Midnattsgudsteneste. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.
14.jan, 2. s.i openberr.tida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Barnesamling under preika. Takkoffer. Kyrjekaffi.
28.jan, Såmannssøndag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste. Utdeling av bibel til 11-åringane og oppstart for MINI-konfirmantar. Takkoffer til Bibelselskapet. Kyrjekaffi.
4.feb, Kristi forklaringsdag	NESSE SAMBRUKSHUS kl.17.00? (ev. Sæle kyrkje) Gudsteneste. Takkoffer. Kyrjekaffi.
11.feb, Fastelavnsøndag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste. Nattverd. Barnesamling under preika. Takkoffer. Kyrjekaffi.
18.feb, 1. s.i fastetida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Barnesamling under preika. Takkoffer. Kyrjekaffi.
4.mar, 3. s.i fastetida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Barnesamling under preika. Takkoffer. Kyrjekaffi.
11.mar, 4. s.i fastetida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste. Avslutning av SLUSH-kurs for unge hjelpeiarar med deltaking i gudstenesta og barnesamlinga. Barnesamling under preika. Takkoffer til Søndagsskolen Norge. Kyrjekaffi.
18.mar, Maria bodskapsdag	TJUGUM KYRKJE kl.20.00 Ung Messe. Nattverd. Takkoffer. Kyrjekaffi.
25.mar, Palmesøndag	FJORDTUN OPPVEKSTSENTER kl.11.00 Gudsteneste. Takkoffer. Kyrjekaffi.
30.mar, Langfredag	SÆLE KYRKJE kl.19.00 NB! Pasjonsgudsteneste ved Runar Matsui-Li.
1.apr, Påskedag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Barnesamling under preika. Takkoffer.

NB! Det kan bli endringar i klokkeslett jf. prestevikarar.

Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida balestrand.kyrkja.no